



Knut Farestveit Rør & Sveis  
5729 MODALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1953 - 14/4897

Saksbehandlar:  
Kari Elisabeth Io  
KEI@lindas.kommune.no

Dato:  
05.03.2014

## Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - gbnr 81/15 Risa.

Vi viser til søknad m/vedlagt planteikning/oppleggskjema, situasjonsplan og ansvarsrett, dagsett 26.02.14.

Type bygg : Eksisterande fritidsbustad.  
Type arbeid : Tilkopling til kommunal vassleidning og felles privat slamavskiljar for  
hyttefeltet m/utslepp til sjø.  
(Utsleppsløyve er gitt 13.12.2012 i sak 2012/1762).

### SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

#### Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonnet sitt ansvar å sørge for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsleidning og lavaste sluk i hus.

For vassleidning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassleidning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Det skal varslast for kontroll og trykkprøving. Innmåling og innlevering av situasjonskart etter at anlegget er ferdig skal utførast av ansvarleg rørleggjar, saman med eigenkontrollskjema.

Faktura for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til søkjar, og ein gjer merksam på at arbeidet ikkje må ta til før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.



Med helsing

Kari Elisabeth Io  
saksbehandlar

**Kopi til**

Kjell E. Mjelstad

Saudalskleivane 3 5136

MJØLKERÅEN

**Mottakarar:**

Knut Farestveit Rør & Sveis

5729

MODALEN